



# Høgskulen på Vestlandet

**Jobbnorge-ID:** 281993  
**Søknadsfrist:** 10.08.2025  
**Nettside:** <http://www.hvl.no>  
**Omfang:** Heiltid  
**Varighet:** Åremål

## Dette er Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 900 tilsette og 17 000 studentar fordelt på fem kampus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialfag, ingeniør- og naturfag, lærarutdanning og økonomi, samfunnsfag og maritime studier.

HVL tilbyr ulike årsstudium og bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar.

HVL skal vere tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har ambisjonar om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap har om lag 400 tilsette og om lag 5150 studentar. Vi har eit breitt utdanningstilbod innan helse- og sosialfaglege profesjonsutdanningar, etter- og vidareutdanningar og fleire masterprogram.

Fakultetet tilbyr ph.d.-utdanninga "Helse, funksjon og deltaking". I tillegg har Fakultet for helse- og sosialvitenskap delansvar for forskingsområdet: "Innovasjon i offentleg sektor" i den tverrfakultære ph.d.-utdanninga Responsible Innovation and regional Development (RESINNREG).

Studentane våre får omfattande ferdighetstrening og praksis, mellom anna gjennom øvingar i kommunikasjon og simulering ved vårt avanserte simuleringssenter, SimArena. Fakultetet legger vekt på fleksible læringsformer og oppmodar studentane til å delta aktivt i forskning og utviklingsarbeid.

## Prodekan for nyskaping og regional utvikling ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap

### Høgskulen på Vestlandet, Fakultet for helse- og sosialvitenskap har ledig åremålsstilling som prodekan for nyskaping og regional utvikling

Fakultet for helse- og sosialvitenskap søker prodekan for nyskaping og regional utvikling i fireårig åremålsstilling med tiltreding så raskt som mogeleg, og seinast frå 01.01.2026. Prodekan for nyskaping og regional utvikling har på vegne av dekan eit strategisk ansvar for nyskaping (innovasjon og KI/digitalisering) og regional utvikling.

Vi ser etter ein samlande og framtidsretta leiar med god forståing for nyskaping og teknologiutvikling som endringsdrivar og med god innsikt i vår regionale rolle. Du har nettverkskompetanse, dokumentert leiarerfaring og solid kunnskap om universitets- og høgskulesektoren.

Nyskaping og regional utvikling er berande element i Høgskulen på Vestlandet si verksemd og i vårt oppdrag. Prodekan for nyskaping og regional utvikling har vidare eit særskilt ansvar for å styrke høgskulen sitt samspel med samfunns- og arbeidsliv på heile Vestlandet om utvikling av erfarings- og forskingsbasert kunnskap.

Prodekan for nyskaping og regional utvikling sitt samla ansvar skal utøvast i tett samarbeid med institutta og Senter for omsorgsforskning vest. Prodekan har medansvar for heilskaplege vurderingar for å realisere høgskulens og fakultetets strategi, målsetjingar og verdigrunnlag.

Det er for tida ikkje tillagt personalansvar i stillinga, men dette kan bli endra og delegert frå dekan. Prodekan for nyskaping og regional utvikling inngår i fakultetet si leiargruppe, og har mynde delegert frå dekan. Stillinga rapporterer til dekan.

Prodekan for nyskaping og regional utvikling kan ha hovudarbeidsstad i Bergen, Stord, Haugesund, Sogndal eller Førde. Det må påreknast ein del reiseverksemd.

### Ansvars- og arbeidsoppgåver:

- Ha et heilskapleg og strategisk ansvar for nyskaping (innovasjon og KI/digitalisering) og regional utvikling i fakultetet. Det vil og seie eit overordna ansvar for eksterne relasjonar, og vidareutvikle det utoverretta samspelet med regionane
- Vidareutvikle arbeidet med å synleggjere høgskulen og fakultetet som ein vesentleg kunnskaps- og kompetanseaktør regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Oppfølging og vidareutvikling av fakultetet sine strategiske mål knytt til internasjonalisering
- Delta i prosessar for utvikling av campus som arbeidsplass, studiestad og nyskapingarena
- Delta i og utvikle fruktbare samband mellom utdanning, forskning og nyskaping
- Andre oppgåver pålagt/gitt av dekan

## Kvalifikasjonskrav:

Formell utdanning og kompetanse:

- Relevant høgare utdanning og høg vitenskapelig kompetanse, helst på førstestillingsnivå
- Relevant erfaring med undervisning, forskning og kvalitetsarbeid i høgare utdanning
- Dokumentert erfaring og kompetanse innanfor fakultetet sine profesjonar og fagområde er ein føremon
- Leiarerfaring og dokumenterte resultat frå fagleg leiarstilling blir vektlagt

Generelle kompetansekrav:

- God innsikt i høgskulen sitt samfunnsoppdrag
- God erfaring frå, og/eller solid kunnskap om, universitets- og høgskulesektoren
- Erfaring med å utvikle og vedlikehalde relasjonar til ulike aktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- God innsikt i digitalisering som endringsdrivar
- God forståing for nyskaping og omstilling i helse- og sosialsektoren
- Erfaring med endringsarbeid er ein føremon
- Forståing for verdien av kontinuerleg arbeid med likestilling og mangfald
- God munnleg og skriftleg framstillingsevne i norsk og engelsk

Personlege eigenskapar:

- Gode leiareigenskapar
- Ein motiverande og inkluderande leiarstil med vekt på samarbeid og medverknad
- Evne til strategisk heilskapleg perspektiv
- Gode evner til kommunikasjon, samhandling, bygge tillit og relasjonar
- Gjennomføringsevne, utvikling- og resultatorientert
- Stort engasjement for å nå høgskulen og fakultetet sine ambisjonar
- Må kunne handtere komplekse utfordringar

## Vi tilbyr:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spennande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Høve for trening i arbeidstida

Stillinga som prodekan er lønt etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1474 - dekan.

Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

## Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Det er søkjar sitt ansvar å sørkje for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, som attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskriftar eller anna dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetjingar. Dersom vedlegga overskrid 50 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggjast ved som lenkje.

Søkjarar med utanlandsk utdanning må i tillegg dokumentere at utdanninga samsvarar med norsk bachelor-, master-eller ph.d.-grad. [Sjå www.hkdir.no](http://www.hkdir.no) for meir informasjon om vurdering av høgare utdanning.

HK-dir tilbyr automatisk godkjenning for enkelte gradar frå utvalde land. Dersom utdanninga til søkjaren er dekkja av ordninga med automatisk godkjenning, vil det vera tilstrekkeleg å leggje ved dokumentasjon på dette. [Du kan lese meir om ordninga med automatisk godkjenning her.](#)

Vi gjer merksam på at søknad om vurdering gjennom den ordinære godkjenningsordninga til HK-dir kan ta tid. Du bør difor sende søknad om godkjenning så raskt som mogeleg når du veit at du vil søkje på stillinga. Dersom du ikkje har fått svar frå HK-dir innan søknadsfristen, legg du ved dokumentasjon frå HK-dir om at dei har motteke søknaden din.

Søknadar kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskulen.

## Generell informasjon:

Vi gjer merksam på at unntak frå den offentlege søkjarlista blir handsama etter reglane i Offentleglova. Søkjarar som har bede om slikt unntak, blir varsla dersom ønskje ikkje vert teke til følgje.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hol i CV.

Arbeids- og opphaldsløyve i Norge er ein føresetnad for å tiltre stillinga.

Høgskulen på Vestlandet er underlagt eksportkontrollforskriften. Forskrifta kan komme til anvending i behandlinga av søknadane.

Vi tek atterhald om at stillinga si plassering i organisasjonen kan bli endra som følgje av ev. justeringar i HVL si interne organisering.

## Inkludere, utfordre og samhandle

[Les meir på våre heimesider.](#)

## Tilleggsinformasjon

### Kontaktpersonar:

- Else Cathrine Rustad, Viseinstituttleiar (dekan frå 01.08.2025)  
Telefon: +47 40240122 | E-post: else.rustad@hvl.no
- Randi Skår, Dekan  
Telefon: +47 95146987 | E-post: Randi.Skar@hvl.no

### Arbeidsstad:

- Inndalsveien 28 5063 Bergen (Bergen Kommune)
- Svanehaugvegen 1 6812 Førde (Sunnfjord Kommune)
- Bjørnsonsgate 45 5528 Haugesund (Haugesund Kommune)
- Røyrigata 6 6856 Sogndal (Sogndal Kommune)
- Klingenbergvegen 4 5407 Stord (Stord Kommune)